

Bremnes 01.05.2014

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
P.b. 7900
5020 Bergen

SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE TIL BØMLO TEATER FOR 2015.

Bømlo Teater er ein frivillig organisasjon organisert i Norges Amatørteaterforbund og med omlag 150 medlemmer. For tida har teateret tre tilsette i ein mellombels stillingsressurs på tilsaman 90%. Bømlo Teater skal arbeide for å fremje musikk, song, dans og drama mellom unge i Sunnhordland og på Bømlo, og slik vera eit teater for regionen. Det meiner me at me er, jmf. rekrutteringa av aktørar og publikum frå heile regionen til våre store oppsetjingar i Moster Amfi. Gjennom større og mindre oppsetjingar skal medlemmane utvikla evner og anlegg i eit miljø prega av høg kunstnarleg kvalitet.

Mostraspelet og musikalar i Moster Amfi er den viktigaste merkevara til Bømlo Teater. Dette er store og krevjande produksjonar som krev eit omfattande produksjonsapparat. I 2015 vil Mostraspelet i Johannes Hegglands versjon bli framført for 31. gong, før det vert urpremiere på Svein Tindbergs nye Mostraspelmanus i 2016. Dette skal fokusere på Heilag Olav og Kristenretten på Moster i 1024. I tillegg skal Bømlo Teater i 2015 setje opp ei forestilling basert på lakseoppdrettsindustrien m.a. finansiert av KUP-midlar, og det sjølvskrivne og etterkvart svært tradisjonsrike "Julehuset" vert som vanleg oppført i førjulstida.

Bømlo Teater er gjennom sine oppsetjingar hovudleverandør av publikum til Moster Amfi. Me nyttar HfK sitt følgjekort for funksjonhemma, Kulturkortet og viser i vår profilering at HfK er vår tilkotsogjevar.

Vurderingar og utfordringar

Bømlo Teater skal vere ope og inkluderande med rom for alle interesserte. Det er ingen medlemskontingent. Dette har samanheng med vår viktigaste merkevare, at så mykje som mogleg av aktiviteten skal vere tufta på dugnadskrefter som er ein av våre største suksessfaktorar. Samstundes er det risiko knytt til ei slik driftsform, då budsjetta for storproduksjonar gjennomførte i Moster Amfi kan vere opp mot 6,5 mill (West Side Story) med publikumstal på 12.000. Ei av dei største utfordringane i samband med etableringa av Bømlo Teater, både var og er å sikre finansiering av ei meir kontinuerleg drift av selskapet. Det er avgjerande at ein har ein stab til å gjennomføre store produksjonar og administrere etterarbeid knytt til økonomi og evaluering, samt legge strategiar for vidare aktivitet. Ein stab trengst óg for å planleggje og leggje til rette for frivillig innsats, og gjere det mogleg for Bømlo Teater å vidareføre både Mostraspelet og musikalar i Moster Amfi. Bømlo Teater skal framleis vere attraktiv som samarbeidspartnar og arbeidsgjevar for både næringsliv og kulturliv i regionen, og skal vidareutvikle Bømlo sin posisjon innan scenekunst

Bømlo Teater

Produsent: Brynjar Stautland
Høvringevikvegen 86, 5440 Mosterhamn
Tlf. 95 92 50 54, post@bomloateater.no
Info: www.bomloateater.no
org nr 982938694

i heile sør-fylket. I denne samanheng har det óg vore viktig å etablere ei formalisert samarbeidsform med Moster Amfi as. Dette er no, etter vedtak i begge styre, regulert i eigen avtale. Bømlo Teater har mål om ein stab på to 100% tilsette. For tida har teateret tre tilsette i tilsaman 90% mellombels stilling (50% dagleg leiar, 30 % økonomiansvarleg, 10% vaktmeister). Stillingane er finansiert av oppsparte midlar, privat sponsorstøtte og driftsstøtte frå det offentlege, men inneber ein vesentleg dugnadsinnsats i tillegg. Bømlo Teater har difor både visjon om og behov for å auke stillingsressursen for å sikre gjennomføringa av våre produksjonar inkludert Mostraspelet i 2015, parallellt med førebuing av urpremiere på det nye Mostraspelet i 2016, samt sjå fram mot eit potensielt 1000-årsjubileum i 2024. Styret i Bømlo Teater kan ikkje ta den risikoen det er å gjennomføre store publikumssatsingar i Moster Amfi utan tilsette som kan ha hovudansvaret for tilrettelegging og planlegging av desse. I tillegg er det heilt avgjerande å bruke tid ut mot våre sponsorar i regionen.

Økonomi

I 2013 og 2014 fekk Bømlo Teater følgende støtte til Mostraspelet og Drift:

Mostraspelet	2013:	2014
Hordaland fylkeskommune	83.000,-	84.000,-
Norsk teaterråd	150.000,-	0,-

Drift	2013:	2014
Hordaland fylkeskommune	152.000,-	154.000,-
Bømlo kommune	420.000,-	420.000,-

Konklusjon/oppsummering


Bømlo har eit unikt teater- og musikalmiljø, og er den største leverandøren av publikum til Moster Amfi. For å kunne vidareføre store publikumsarrangement i Moster Amfi treng teateret ein styrka stab til å ivareta oppgåvene som er forklara over.

Bømlo Teater søker difor Hordaland Fylkeskommune om kr. 220.000,- i Driftstilskot for 2015.

Vedlegg:

1. Rekneskap 2013 og Årsmelding for Bømlo Teater 2014.
2. Budsjett 2015

For styret i Bømlo Teater



Brynjar Stautland, dagleg leiar.